



Bkk Nett AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13462 - 20/57375

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
14.09.2020

Godkjent søknad om dispensasjon og svar på førelegging - gbnr 459/2 og 4 Kjeseth

**Administrativt vedtak:** Saknr: 950/20  
**Tiltakshavar:** Bkk Nett AS  
**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av nettstasjon med tilhøyrande kabling, på følgjande vilkår:

- Fylkesmannen sine føringar skal følgjast

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

**Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.**

**Ut over dette har Alver kommune v/avdeling for plan og byggesak ingen merknad til førelegginga av anlegget.**

**Saksutgreiing:**

**Tiltak**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen for etablering av nettstasjon med tilhøyrande kabling på land.

Tiltaket kjem inn under tiltak unnateke frå søknad etter SAK § 4-3 første ledd bokstav a, jf rettleiar HO-1/2006 *elektriske anlegg og kraftledninger*.

Det vert elles vist til førelegging med søknad om dispensasjon mottatt 15.07.2020.

### Saksbehandlingsfrist


Søknaden var komplett då han var mottatt 15.07.2020. Saksbehandlingsfrist for dispensasjon er 12 veker.

### Planstatus

Tiltaket ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy sin arealdel er definert som LNF.

### Dispensasjon

Straumforsyningsanlegget krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.




### Dispensasjonssøknaden


Vi gjør oppmerksom på at tiltaket er i strid med gjeldende arealplan, og søker herved om dispensasjonstillatelse.

Tiltaket vi søker dispensasjon fra arealplanen for er en ny nettstasjon med grunnflate 3,7m<sup>2</sup>. Nettstasjonen er en viktig komponent i elforsyningen som er offentlig infrastruktur. I dette området er LNFR det dominerende, det er derfor vanskelig å overholde leveringsbetingelsene uten en dispensasjon. Bygget er lite og plassert i en skråning, i det som må karakteriseres som utmark. Det vil derfor ikke bli dominerende i landskapet. På andre siden av veien er det dyrket mark, der ville nettstasjonen vært en ulempe.

## Traseplan luftlinje



## Traseplan jordkabel



## Uttale frå anna styresmakt

**Fylkesmannen i Vestland** har gitt uttale til søknaden og stilt følgjande krav:

Fylkesmannen legg til grunn følgjande generelle føringar for arbeidet:

- Inngrepa i naturmiljøet skal avgrensast så langt råd, og skal tilbakeførast etterpå.
- Avfall skal handterast og leverast til godkjend mottak, i tråd med avfallsforskrifta. Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining, og § 32 om næringsavfall.

**Alver kommune** har godkjent dispensasjon frå byggegrense mot kommuneveg

**Vestland fylkeskommune** har godkjent kryssing av fylkesveg.

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanar mottatt 15.07.2020.

## Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og annan grønstruktur.

I denne saka er det snakk om ei nødvendig forbetring av elforsyningsanlegg. Etter kommunen si vurdering vil ikkje denne utbygginga vera vesentleg i strid med føremålet.

## Fordelar:

- Anlegget skal forbetra straumforsyninga i nærområdet

- Det har ikkje komme merknader frå naboar
- Fylkesmannen har ingen spesifikke innvendingar mot tiltaket

#### Ulemper:

- Tiltaket er i strid med arealbruken i kommuneplanen
- Godkjenning av dispensasjonssøknad kan medføra uheldig presedens.

Ut frå ei konkret vurdering kjem administrasjonen til at fordelane synest å vera større enn ulempene, og omsyna bak reglane vert ikkje vesentleg sett til sides. Administrasjonen kan ikkje sjå at dei omsyna som arealbruken i kommuneplanen skal ivareta, blir vesentleg sett til side som følgje av dette tiltaket, eller at godkjenning vil medføra uheldig presedens.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsnyttan av tiltaket.

Efter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF i kommuneplanen er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6. Det er inngått grunnavtalar.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

#### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13462

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Uttale - Forelegging - Alver - 459/1 2 4 ny 22 kv avgreining  
Forelegging av tiltak, ny 22kv avgreining og ny nettstasjon - GBNR 459/2 og 4 Kjeseth  
Forelegging av planer om tiltak innen områdekonsesjon  
321099 2 traseplan hsp luft 2  
321099 2 traseplan kabel  
målskisse sinett 315U

**Kopi til:**

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

**Mottakarar:**

Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
-------------	---------------	------	--------